

Styremøte i SFSG i Sogndal

03.- 04. 2014

Til stades/ konstituering:

Ragnhild Sæle- leiar

Lars Nesse- nestleiar – ekstra fokus på rovdyr

Jo Risløv- ekstra fokus på geit

Odd-Jarle Øvreås

Lene Engvik Rasch- sekretær

Tom Idar Kvam frå avlsutvalet: med under sak 20.

13/14 Kort tilbakemelding frå styremedlemene frå arrangement dei har delteke på.

Ragnhild: Representantskapsmøte 19-20. mars.

Odd-Jarle: -Beitelagsmøte 31. mars. Tema var mellom anna:

- Positiv utvikling på tapstal i fylket, 5,5% tap i snitt i 2013.
- Virkar som om Dysect har gitt godt resultat når det gjeld flått.
- Prøveprosjekt med refleks i øyremerke.
- Varslingsteneste, eit nr å ringe for dei som t.d. obseverer eit rovdyr.
- Mentorordning i Sau og Geit for nye småfehaldarar.

-Møte i landbruksselskapet 19. mars

-Faktur i regi av Sau i pluss 1. april

Lars: Årsmøte i Bondelaget 6-7. mars

Lene: -Årsmøte i Bonde og småbr.laget 16. mars

-Faktur til Lindås 22. mars i regi av saueprosjektet i Aurland, Årdal og Lærdal.

14/14 Godkjenning (i følgje vedtektene) av rekneskap, budsjett, val m.m for a) Nordfjord Gjetarhundlag b) Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag c) Sogn Gjetarhundlag

Me godkjenner dette under føresetnad av at dei som er valde er medlemmar i NSG. Dette har me ikkje hatt moglegheit til å sjekke endå.

15/14 Val av medlem (frå styret i SFSG) til styret i Gjetarhundnemnda

Ragnhild Sæle er einstemmig valt til styret i gjetarhundnemnda.

16/14 Søknad om økonomisk støtte

- Bremanger hundeklubb: Ein klubb med sosial møtearena for hundar/ eigarar. Eit godt tiltak, men viss SFSG skulle kunne gje stønad måtte det ha gått på gjetarhund, gjerne gjennom Bremanger Sau og Geit.
- Vikane-, Oldedalen- og Stryn Sau og Geit søker om stønad til kurs i det «nye» sauekontrollprogrammet. Vedtak: SFSG gjev inntil 2000 kr i stønad. Me ber om å få inn rekneskap etter gjennomført kurs.

17/14 Fadderordning

Me tek ei evaluering av ordninga og ei eventuell ny deling på neste styremøte. No vil me prioritere å få kontakt med dei laga som ikkje har levert årsrapport.

18/14 Status lokallag – kor mange og kva for lag har ikkje sendt inn årsrapport/tillitsvalde

Me har fått inn 27 årsrapportar/ årsmeldingar. Lene sender ut ei oversikt over desse til styret så snart som mogleg.

19/14 Nedlegging av Guddal Sau og Geit

Me godkjenner nedlegginga under føresetnad av at me får utskrift av møteboka/ årsmøtereferat, og kopi av siste års rekneskap/ evt. utskrift av bankkonto. Lene sender svar.

20/14 Avlsutvalet - arbeidsoppgåver m.m.

I året som har vore har avlsutvalet og fungert som ei «sauegruppe», som ein parallell til geitegruppa. I samråd med Tom Idar Kvam frå avlsutvalet blei me einige om å leggje ned «sauegruppa» . I staden får medlemene bruke styret/styremedlemene aktivt. Styret får nytte dei råd og utval som ein allereie har, og ved behov sette ned nye «grupper». Elles informerte Tom Idar om «nytt» frå avlsfronten. Meir om dette kjem i infoskriv seinare.

21/14 Geitegruppa – arbeidsoppgåver m.m.

Under sak 62/12 blei vedtektene for geitegruppa vedteke. Gruppa skal nyttnemast etter kvart årsmøte. Eva Høydal og Rune Myklebust går ut, og Jo Risløv kjem inn frå SFSG. Han tek kontakt med dei andre som sit i gruppa, og spør om dei er interessert i å halde fram. Arbeidsoppgåvene blir mellom anna å kome med innspel til jordbruksforhandlingane, og førebu geitehelga i samarbeid med

TINE. Elles er det til dømes viktig å jobbe vidare for auka bruksområde for geitemjølka, og omsetjing av killingkjøt.

22/14 Arbeidsplan for 2014 – planlegging av aktivitetar – fordeling av arbeidsoppgåver.

-Fagtur til Askrova: Me vil utfordre Askrova Sau og Geit til å lage eit opplegg. Tek sikte på ein av fyrste helgane i august. Lene tek kontakt.

-Geitedagane: Me skal prøve å møte så mange som mogleg frå styret her, og vil setje av midlar til å bidra.

-Fagtur Island i oktober: Me tek sikte på eit fagleg opplegg på 2-3 dagar i veke 43. Lars vil jobbe meir med dette.

-Jordbruksoppgjøret: Me vil jobbe etter same modell som i fjor, kor lokallaga får moglegheit til å kome med innspel i god tid. Ynskjer ein frist frå NSG sentralt for å kome med innspel.

-Leiarsamling: dagsamling på Skei, førebels dato: 8. november.

-Regionale møter med mellom anna rovvilt som tema.

23/14 Møteplan 2014

Me tek sikte på eit nytt styremøte 23. juni. Elles blir møte sett opp etter behov.

24/14 Høyring om statsborgarskap

Gjetarhundrådet har sendt ut eit skriv til gjetarhundnemnder og fylkeslag på høyring, i høve til utanlandsk statsborgarskap og NM. Dei har utarbeidd 4 alternativ. Gjetarhundlaga i Sogn og Fj kom med 3 ulike forslag. Styret i SFSG går for alternativ 3. Ragnhild sender svar.

25/14 Innkjøp av skrivar

Me vedtok å kjøpe inn ein skrivar til styret. Denne blir kjøpt inn umiddelbart.

26/14 Ymse

-Ull: refusjon av ullpengar blei diskutert.

-Radiobjøller: Me diskuterte kor ein lokal bjøllegrunder kan søkje stønad. Odd-Jarle tek kontakt med Liv Astrid Kusslid (organisert beitebruk.)

Ref. Lene Engvik Rasch

-sign-